



Vindauga som er dekkja av finerplate t.h. på bildet, vart knust under innbrotet.

I løpet av natta var det innbrot på Spar-butikken på Sanden. Alarmen gjekk og politiet kom raskt til staden og arresterte to personar, Dei er mistenkt for å stå bak innbrotet der det vart stole ei mindre mengd varer.



Bilen fekk store skader; særleg i fronten.

Politiet tok og hand om eit køyretøy. Dei to er mistenkt for å ha køyrt i rusa tilstand. Derfor vart dei framstilte for blodprøve. Fredag føremiddag sat dei to i arresten, og det vert seinare tatt avhør av dei.

Etter det vi kjenner til vart tjuvane uroa av alarmen. Dei skal også ha vorte observert av bebuarar i leilighetene over butikken. Dei flykta i stor fart. Då dei skulle svinga utover på hovudvegen, klarte dei ikkje svingen, og etter å ha fulgt skråningen, stoppa dei i ein gullregnbusk. Bilen fekk store skader og vert nok ikkje køyrbar meir.



I gullregnbussen til høyre på bildet stoppa ferda